

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 6.3.2015  
**Stad:** Flå, Jakt- og Fiskesenteret

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
- Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og Tom Hauger og regionkontakt Tore Gilhuus.
- Rådmannsutvalet deltok i heile møte

---

#### **SAK 08/15 SKJØNNSMIDLAR, FOLKEHELSEKOORDINATORSTILLING**

##### **Folkehelsekoordinator**

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal skal arbeide vidare med finansiering av folkehelsekoordinatorstilling. I påvente av endeleg avklaring frå fylkesmannen i Buskerud og Buskerud fylkeskommune blir finansiering for 2015 inntil vidare dekt frå disposisjonsfondet.

##### **Felles løft for tidlig innsats i Hallingdal**

Delfinansiering til prosjektet «Felles løft for tidlig innsats i Hallingdal» har tidlegare vore løvd frå «skjønnsiddelpotten», noko som ikkje vil vera aktuelt i 2015, ut frå fylkesmannen sine prioriteringar.

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal ser på «Felles løft for tidlig innsats i Hallingdal» som viktig for kommunane. Med bakgrunn i at skjønnsmidlar frå fylkesmannen ikkje kan nyttast til dette tiltaket i 2015 rår Regionrådet til at kommunane prøver å løyse finansieringa internt i kommunane.

#### **SAK 09/15 SØKNAD OM TILSKOT, TOUR OF NORWAY 2015**

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal løyver kr.150.000 til Cycling Event Norway i samband med Tour of Norway 2015. Midlane blir teke frå det regionale næringsfondet. Det skal arbeidast for at Hallingdal blir profilert på ein god måte i samband med arrangementet.

#### **SAK 10/15 EVENTUELT**

##### **SAFT – samordning av førebyggjande tiltak**

Hilde Bjørnsvik, kultursjef i Ål kommune, orienterte om SAFT «samordning av førebyggjande tiltak» i Ål kommune.

SAFT er ei tverrfagleg og tverretatleg administrativ arbeidsgruppe som samordnar førebyggjande tiltak retta mot barn og unge.

### **Ungdomslosane i Hallingdal**

Ungdomslosane i Hallingdal er eit prosjekt som skal hjelpe ungdommar mellom 15 og 21 år til å fullføra utdanninga, kome i jobb, eller kome i aktivitet.

På møte i regionrådet 22. mai er det ynskjeleg å få ei nærare orientering om prosjektet.

### **Fordelingsnøkkelen for regionale tiltak**

Hallvor Lilleslett tok opp spørsmålet om husleige og fordelingsnøkkelen for regionale tiltak i samband med interkommunalt samarbeid, med bakgrunn i drøfting i Gol kommunestyre.

I sak 33/14 gjorde Regionrådet for Hallingdal m.a. slikt vedtak:

- 1.a Fordelingsnøkkel for kostnader i samband med interkommunalt samarbeid skal vurderast i det einkilde tilfelle, men som hovudprinsipp gjeld fordeling etter innbyggjartal pr. 1.1. gjeldande år.*
- 1.b Fordelingsnøkkel for allereie etablerte samarbeidstak skal vurderast for det einkilde tiltak.*
  
- 2.a Avtale i forhold til fordeling av husleigekostnader ved eksisterande samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal, ligg som utgangspunkt fast.*
- 2.b For eksisterande samarbeidstiltak som skal ha ei desentralisert løysing, skal det vurderast nødvendig areal i vertskommune og i dei andre deltakande kommunane, med tanke på å få funksjonelle og kostnadseffektive løysingar.*
- 2.c Standard husleigekostnader ved nye samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal skal som utgangspunkt kostast av vertskommunen. Det skal ved etablering av nye samarbeidstiltak inngåast avtale om tiltaket, der spørsmålet om husleigekostnadane skal avklarast. Dersom kommunane kjem fram til eit anna resultat enn ovanståande prinsipp skal den avtalte løysinga gjelde. Felleskostnader skal fordelast etter fastsatt fordelingsnøkkel.*
  
- 3.a Kostnadsfordeling for samarbeid som er prosjektbasert eller tiltak som gjeld for kortare tidsrom skal avklarast i det einkilde tilfelle. Eigeninnsats frå deltakarkommunane skal i utgangspunktet dekkjast av den einkilde kommune.*

I pkt. 1. a er det gjort forslag til ei prinsipiell endring av fordelingsnøkkel noko Regionrådet ikkje har fullmakt til å gjera. Sjølv om kostnader skal vurderast i det einkilde tilfelle er ikkje vedtaket presist nok. Her kunne det til dømes vore ei formulering som:

*Fordelingsnøkkel for kostnader i samband med interkommunalt samarbeid skal vurderast i det einkilde tilfelle, men Regionrådet for Hallingdal rår til at som hovudprinsipp gjeld fordeling etter innbyggjartal pr. 1.1. gjeldande år.*

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal drøftar eventuell vidare handsaming av fordelingsnøkkel for regionale tiltak på neste møte.

### **Partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune**

Dagleg leiar orienterte om ny partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune.

Til neste møte i regionrådet skal det lagast ei oversikt i forhold til midlar til disposisjon frå partnerskapsmidlar og næringsfond.

**Utviklingsprogrammet for byregionar**

Dagleg leiar orienterte kort om framdrift for «Utviklingsprogrammet for byregionar»:

- Ferdig samfunnsanalyse 25.3
- Presentasjon, drøfting regionråd/rådmannsutval 27.3
- Hallingtinget 23.4
- Event. søknad fase 2, frist 1.5

**Hallingtinget, vårmøte**

Vårmøte til Hallingtinget blir ein dag, torsdag 23.april.

**SAK 11/15    GODKJENNING AV PROTOKOLL****Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Ål 6.3.2015

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tony Kjøøl, Hol kommune

Ivar Brevik, Ål kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Magnussen, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune